

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-F08	21/41

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2022	Formannskapet	PS	20.01.2022

Frivilligsentral i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Oppstart i kommunal regi utsett til 1.1.23
- Sak med vedtekter, organisering etc. tek ein sikte på å ha klar til juni møte i kommunestyre.
- Oddvin Neset vert utpeika til å vere kommunal repr. styre frivilligsentral 2022
- Kommunen overfører unytta midlar 2021 til Masfjorden sokn/frivilligsentral til disp. frivilligsentral 2022.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Endring av opplegg/framdrift

- Oppstart i kommunal regi utsett til 1.1.23
- Sak med vedtekter, organisering etc. til juni møte i kommunestyre
- Utpeiking av kommunal repr. styre frivilligsentral 2022
- Overføre unytta midlar 2021 til disp. frivilligsentral 2022

Uttale

Notat etter møte i arbeidsgruppa for arbeid med Frivilligsentralen, datert 10. januar 2022.

Rådmannen var til stades på fyrste delen av møtet, der ein drøfta mogleg tidspunkt for ei kommunal overtaking av Frivilligsentralen. Det var semje om at vedtaka som alt er gjort i kommunestyret og i soknerådet, heimlar ei kommunal overtaking. Det ein enno ikkje har teke stilling til, er tidspunktet for overtakinga.

Av di det pr dato ikkje er klårt korleis dei statlege overføringar til frivilligsentralane vert innretta, vil det vere vanskeleg å få eit godt grunnlag for å arbeide inn drift av Frivilligsentralen i det reviderte budsjettet kommunestyret skal ta stilling til i februar.

Det er uansett ynskjeleg å leggje overtakinga til eit årsskifte, mellom anna av omsyn til rekneskap og revisjon.

På møtet vart det difor semje fylgjande framdriftsplan:

- Arbeidsgruppa arbeider vidare med vedtekter for og skisse til innretning av den nye frivilligsentralen, slik at kommunestyret kan handsame dette i junimøtet.
- Basert på kommunestyret sitt vedtak i saka kan rådmannen nytte hausten til å førebu organiseringa av den nye Frivilligsentralen.
- Frivilligsentralen i Masfjorden vert kommunal frå og med 1. januar 2023.

Fram til denne datoen er Masfjorden sokn eigar av Masfjorden frivilligsentral, og drifta av sentralen – og overføring av midlar til denne – skjer i tråd med noverande ordning.

Fakta

Kommunestyret - 052/2021, KS – vedtak 28.10.21:

1. Kommunestyret tek rapporten frå arbeidsgruppa til vitring.
2. Masfjorden kommune seier seg villig til å ta over drifta av frivilligsentralen i Masfjorden kommune dersom Masfjorden sokn finn dette føremålstenleg. Ved ei slik overføring kan Masfjorden kommune også tilby å ta over arbeidsgjevaransvaret for personalressursen på 20% som er knytt til sentralen i dag.
3. Arbeidsgruppa får mandat til å utarbeida ein plan for korleis frivilligsentralen kan organiserast og driftast i kommunal regi.
4. Eventuell ny organisering av Frivilligsentralen vert å innarbeida i saldert eller revidert budsjett 2022.

Ein veit framleis ikkje kor stort tilskotet til frivilligsentral blir for åra framover, stort mogleg spenn, som er viktig å få klargjort før endeleg opplegg kan lagast

Vurdering

Arbeidsgruppa for ny frivilligsentral og rådmann er samde om at det er hensiktsmessig å avvente frivilligsentral i kommunal regi til 1.1.2023.

Har fått signal om ny forskrift for frivilligsentral som skulle gjelde frå 1.1.2022 er utsett med eit år.

Frivilligsentralen vert for 2022 drifta av Masfjorden sokn. Ein tilrår at Oddvin Neset går inn som kommunal representant i styre for frivilligsentralen.

Unytta midlar av tilskotet kommunen fekk til frivilligsentralen i 2021 vert utbetalt til Masfjorden sokn/frivilligsentral for drift i 2022

Konklusjon

Oppstart i kommunal regi utsett til 1.1.23, og sak med vedtekter, organisering etc. tek ein sikte på å

ha klar til juni møte i kommunestyre.

Oddvin Neset vert utpeika til å vere kommunal repr. styre frivilligsentral 2022

Kommunen overfører unyttta midlar 2021 til Masfjorden sokn/frivilligsentral til disp. frivilligsentral 2022.

Formannskapet - 018/2022

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

- Oppstart i kommunal regi utsett til 1.1.23
- Sak med vedtekter, organisering etc. tek ein sikte på å ha klar til juni møte i kommunestyre.
- Oddvin Neset vert utpeika til å vere kommunal repr. styre frivilligsentral 2022
- Kommunen overfører unyttta midlar 2021 til Masfjorden sokn/frivilligsentral til disp. frivilligsentral 2022.